



Elin Enes vart godt fornøgd med besøket.

Det har vore ein hektisk innspurt for å få alt klart, men med grytidleg innstilling av vekkeklokka (kl. 01.00), var alt på plass ved opning kl. 10.00. Veret spelte ikkje heilt på lag i dag, og kl. 10.30 var det ein besøkande (uskedalen.no sin reporter). Det hadde vore nokre innom, og Elin var ikkje spesielt ottefull. Denne roa hadde gjeve litt ekstra tid til å få alt klappa og klart.



Utover dagen vart det atskillig fleire bilar på parkeringsplassenn.

Sidan det var mykje opningstid att, la uskedalen.no inn ein runde til kl. 12.00, og då var situasjonenein heilt annan: Ganske fullt påparkeringsplassen, og både siloen og sjølve utsalslokalet var fullsett av besøkande.

Det var livleg omsetnad, både av konditor-/bakevarer og frå gåveavdelinga i siloen. Me har fastelavn, og fastelavnsbollene fekk bein å gå på, sjølv om dei ikkje synest.

I siloen var det tydeleg at det ikkje er så lenge til påske heller, og det bar og kjøpa herifrå preg av, sjølv om og mykje av det meir tidlause var populært.

Besøket vart bra resten av dagen. Då Elin stengte kl16.00, hadde 64 stk. vore og handla. Det vart trekt ut tre gevinstar mellom desse.

Vinnar av fenalårstativ med knivar: Mari Mehl

Vinnar av stor marsipankake: Else Marie Eik

Vinnar av stor gelekake: Kjersti Børve

Elin var svært nøgd, og sa noko om at det er ikkje farleg at hovudet renn fullt av idear, så lenge ho har ein til å snikra i hop det ho tenkjer på. Det er tydeleg at me finn eit produktivt team på Feet.

Gjenbruk av siloar er ikkje daglegdags, men dette ser ut til å vera ein brukbar vri.

Me ynskjer dei lukke til med tilveksten!



Blant det spennande vareutvalet var det også sesongvarer som minna oss om at det snart er påske.

Tekst og foto: Svein Rimestad

Nett: Thor Inge Døssland